

Møtereferat

Dato: 29.01.2018

Emne:	Referat - styringsgruppemøte 22.01.2018 - prosjektet "Auka gjennomføring - fleire ut i lære"	
Til stades:	Sissel Øverdal (leiar), Linda Farestveit – Opplæringsavdelinga - seksjon skule Rolf Arve Haugstvedt – Årstad vgs, Atle Rasmussen – LO, Rita Jordal - LO, Sølvi Olrich Sørebo - KS, Ann- Elin Hansen møtte for Morten Mjeldheim, Hege Osebakken, Martin Tvedt møtte i sak 1/18	
Forfall:	Inge Bauge - BYGGMESTRENES SERVICEKONTOR, Morten Mjeldheim – OKEL, Ola Dahl Andersen, Mats Kleven - LO	Sak: 2017/1228-13
Møtetid:	12.00-14.00	Møtestad: Fylkesadm. Wigandgården, Møterom Forskjønnelsen 8 etg

Møteleiar: Sissel Øverdal**Referent: Hege Osebakken/ Sissel Øverdal****Agenda:**

Sak	Tittel
	Innkalling og agenda – godkjent
	Referat frå møte 01.11.2017 – godkjent.
1/18	Evaluering av prosjektet FIA , status Presentasjon av eit utkast til nullpunkt evaluering (prosjektet si styringsline/ utgangspunkt)) Presentasjon og utkast til rapport sendes til styringsgruppa for intern lesing. Endeleg rapport for nullpunkt evalueringa vert lagt fram i mai.
2/18	Oppfølging av prosjektskulane Prosjektleiari presenterte staus på arbeidet med oppfølging av prosjektskulane <ul style="list-style-type: none">Plan og gjennomføring i fht prosjektmål Det er laga system for arbeidet som vert gjort i prosjektet. Alle aktivitetar som vert arbeid med skal inngå i eit eller fleire prosjektmål. Desse aktivitetane vert dokumentert i denne plan og gjennomføring. Arbeid med måla i prosjektet førar med seg at førestellingar og praksis på skulane vert utfordra i større eller mindre grad. Erfaringa så langt er at det kan vere utfordrande å vere den som står for eit slikt arbeid på skulane. Desse problemstillingane vil vi følge opp tettare framover, t.d. gjennom: <ul style="list-style-type: none">Møter med rektorane ved dei fem skulane. Prosjektleiinga har hatt gode møter med alle dei fem prosjektskulane. Det vert oppfølgingsmøter med alle i juni og til hausten – oktober. I tillegg legg prosjektleiinga inn noko meir møter på Voss, dette grunna at Voss gymnas er komne seint inn i prosessen. <ul style="list-style-type: none">YFK- to dagars samling Det har vore gjennomført ei to dagars samling med YFK på Bjørnefjorden. Tema for samlinga var

- Å vera YFK
- Fleire ut i lære – kva er utfordringane?
- Formidlingsplan på skulane
- Lokale «læreplassdagar»
- Prosjektarbeid – kva er det

3/18

Informasjonssaker

- Status sak 14/17
Prosjektet er forlenga i tråd med innstillinga i saka som vart lagt fram for Fylkestinget 12.12 .17
- Læreplasskonferanse- læreplasskick off
Det vert arrangert læreplasskonferansar ved dei fem prosjekt skulane. Konferansane vert evaluert i prosjektgruppa etter gjennomføring.
- Felles YFF dag for prosjektskulane 02.02.18.
Programmet for YFF dagen vart delt ut.
SG er invitert til å møte om dei har anledning til det.
- Samfunnskontrakt - lokale nettverk
Det skal etablerast lokale nettverk på dei enkelte prosjektskulane.

4/18

Formidlingsplan

Prosjektleiar delte ut mal prosjektskulane har nytta i arbeidet med utvikling av formidlingsplan og gjekk gjennom arbeidet som er utført så langt. Aktivitetane i formidlingsplanane skal inngå i skulen sitt årsjul.

5/18

Oppfølging av læreplass søkjarar våren 2018

Prosjektleiar viste skjema for korleis YFK og skulane skal ha kontroll på kor mange elevar som er formidla pr månad fram mot ferien.

Det var også teke opp at det er viktig at skulane har fokus på bruken av ressursteam for dei som kan slite med å kome seg vidare i lære.

6/18

Økonomi – status 2017- budsjett 2018 – til beslutning

Presentasjon av budsjett frå prosjektplan, endelig budsjett for 2018 og regnskap for 2017 vert lagt fram til beslutning på neste SG møte.

7/18

Møteplan

Neste møte i SG vert som avtalt 31.05 kl 10.00

Møtetid 2. halvdel av 2018

Det vart beslutta å kalle inn til to SG møter for 2. halvdel av 2018

11.09 kl 13.00-15.00

28.11 kl 13.00- 15.00

Innkalling er sendt i kalenderen, og sakliste kjem som før ca 1 veke før møtet.

8/18

Eventuelt

Ingen saker meldt

Møtet heva kl 14.00